

Saksprotokoll

Organ: Plan og forvaltningsutvalet

Møtedato: 09.02.2021

Sak nr.: 20/5039-7

Internt l.nr. 3664/21

Sak: 8/21

Tittel: Saksprotokoll - 1. Handsaming - Detaljreguleringsplan Marebakken Balestrand gbnr 309/1 og 309/54

Handsaming:

Endringsframlegg:

Ivar Slinde (Sp) la fram forslag om nytt punkt 4:

Rådmann får fullmakt til å setje av areal til renovasjonshandtering i plankartet før planframlegget vert kunnngjort.

Avrøysting:

Framlegget frå Senterpartiet fekk 9 røyster.

Innstillinga frå rådmannen vart vedteke med nytt punkt 4.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet legg framlegg til detaljreguleringsplan for gbnr. 309/54 m.fl. Marebakken ut til offentleg ettersyn og høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10, med desse endringane:

1. Det vert sett vilkår om at det skal gjerast geoteknisk vurdering før vedtak av reguleringsplanen.
2. Det vert sett rekkefølgekrav om at turvegane f_GT_1 og f_GT_2 skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve innanfor høvesvis B1 og B2_1/B2_2.
3. Det vert sett føresegn om at det skal opparbeidast eit fysisk skille mellom o_SBG_6 og f_SPA.
4. Rådmann får fullmakt til å setje av areal til renovasjonshandtering i plankartet før planframlegget vert kunnngjort.